

## ARSMELDING 1994!

På årsmøte 04.02.1994 vart desse valde inn i styret:

Leif Faaberg  
Britt Elin Fossøy  
Terje Drage (ny)  
Connie Grov (ny)  
Aud Teigen (ny)

Varafolk:

Tordis Vigdal  
Sigbjørn Aasen

Terje har vore leiar, Connie kasserar og Aud skrivar.

Valnemd:

Asbjørg Ormberg  
Anne Kristin Haugen  
Morten Vigdal

Asbjørg har vore leiar.

Laget her i meldingsåret hatt 92 medlemmer.  
Styret har hatt 6 styremøter.  
Laget har vore representert i bygdalaget.

Sjur Hesjevoll, ein av dei mest markerte medlemmane i laget gjekk bort 18.des. Sjur var med å skipe laget i 1954, og var æresmedlem i laget. Dessutan var han æresmedlem i Sogn Spelemannslag og han fekk "Folkemusikkprisen" til SFF.  
Han var ein stor spelemann, med stor tradisjonskunne.  
Gravferda var ei verdig stund, med musikk spela av Svein Skjerdal Håkon Høgemo og Harald Hesjevoll. Det var blomar og helsingar frå fleire spelemannslag, bl.a. S. og Fj. Folkemusikklag. Svein Skjerdal les opp fine minneord.  
Asbjørg la på krans frå JSD.

## TILSKIPINGAR.

17. mai var laget med på å skipa til den tradisjonelle feiringa.

Siste laurdagen før jul, den 17 desember, vart det arrangert julebord på kafeèn. Oppmøtet var veldig godt - 102 personar. God musikk sytte Breatrekken og Morten & Ingar for. Under middagen var det slåttespel av Mari, Karin, Ann Kristin og Harald. Eit svært vellukka arrangement.

## KAPPLEIKAR.

Laget deltok på Fylkeskappleiken med desse deltakarane:

Dans:

Lars og Sigrun Vigdal

Ann Kristin Haugen og Morten Vigdal.

Desse para vart fylkesmeisterar i kvar sin klasse.

Mari Ormberg m/fylgje

Gruppespel: Ann Kristin Sperle, Karin Gjerde og Mari Ormberg vann denne klassa.

Hardingfele, solo:

Mari Ormberg

Ann Kristin Sperle

Song:

Asbjørg Ormberg.

Laget var representerte med 5 deltakarar på Vestlandskappleiken.

Hardingfele:

-Mari Ormberg

Dans:

-Sigrunn og Lars Vigdal

-Anne Kristin Haugen og Morten Vigdal

Laget var representerte med 1 par på Landskappleiken.

Dans:

-Anne Kristin Haugen og Morten Vigdal

Harald Hesjevoll var domar på Vestlandskappleiken i Øystese

## KURS

Laget har hatt 2 deltakarar på dommarkurs.

-Sigrunn Vigdal

-Harald Hesjevoll

Mari Ormberg og Ann Kristin Sperle deltok på "Sommarkuret på Mo".

Mari deltok i spelkurs f/vidarekomne og Asbjørg i danseinstruksjon på Byrkjelo i nov.

Laget har starta nybyrjarkurs på fele, med Harald Hesjevoll som instruktør. Det vart vist god interesse for dette kurset, med 11 deltakarar. Dei minste kursdeltakarane hadde sin fyrste offisielle "konsert" på juletreffesten til skulen. Då spelte dei "Det lyser i stille grender" tostemt.

Laget har også dette året hatt kurs i hardingfele vidarekomne, med Harald som instruktør.

Mari, Ann Kristin og Karin har ved div. arr. spela til underholdning.  
Bl.a. så deltok dei saman med Harald i konsert med Jon Faukstad i kyrkja.

#### INNKJØP

Laget har i 1994 kjøpt inn 2 feler, 3 bogar og div. anna småutstyr. Det står att noko pengar som ikkje vart oppbrukt av midlane som er gjeve til tiltaket frå "Musikkverkstadordninga". Resten av pengane er framleis øyremerka feleinnkjøp.

Når det gjeld "Musikkverkstadmidlar" så har ein for 1994 /-95 fått tildelt 20000.- som er øyremerka opplæring.

#### GÅVER

Som takk for hjelp til kopiering og div. har Jostedal skule fått 2 kaffikanner.

#### UTSENDINGAR TIL MØTER

Harald Hesjevoll møtte som utsending på Sogn og Fjordane Folkemusikklag sitt årsmøte.

Dagrunn Hesjevoll var utsending for laget på årsmøte i Landslaget for spelemenn.

Bokverket "FOLKEMUSIKK OG FOLKEMUSIKKUTØVARAR I NOREG".

Dette arbeidet nærmar seg no slutten og frå JSD er det førebels motteke omtale av 23 utøvarar til forlaget.  
Vi oppmodar alle om å kjøpa denne boka når den føreligg.

Styret i Jostedal Spel- og Dansarlag 1994 vil rette ein stor takk til Dagrunn Hesjevoll for all den hjelp ho har gitt oss dette året.